



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	24.09.2025	
Kommunestyret	21.10.2025	

Forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder - høyring

Vedlegg

- 1 Høring - Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke
- 2 Høringsnotat
- 3 Forslag til tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
- 4 Forslag til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag til tiltaksplanar for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde. Tiltaksplanane er utarbeidd med bakgrunn i kvalitetsnormen for villrein og skal bidra til å betre tilstanden i områda, som i dag er klassifisert med dårleg eller middels kvalitet.

Tiltaksplanen for Hardangervidda: 8 tiltakspakker med 57 tiltak

Tematiske tiltakspakker:

- Ein meir heilskapleg og restriktiv arealplanlegging og arealforvaltning
- Redusere negativ påverking på villreinen frå motorferdsel og anna ferdsel
- Redusere risiko for spreiding av sjukdommar og parasittar
- Evaluering, oppfølging og revisjon av tiltaksplanar.

Geografiske tiltakspakker:

- Tiltak for å betre reinens tilgang til gode sumarbeiter og kalvings- og oppvekstområder i nord
- Tiltak for å sikre vinterbeiter på nord – og austvidda
- Tiltak for å ta vare på dei mest urørte områda som reinen har brukt mest dei siste åra.
- Tiltak for å ta vare på villreintrekk mellom ulike sesongar.

Tiltaksplanen for Hardangervidda har 57 tiltak som er nummerert i dokumentet. Fleire av tiltaka gjeld overordna forvaltningsmessige tiltak som gjeld alle, som for eksempel reduksjon av motorferdsel, ny ordning for registrering av motorferdsel, planvask, kompetanseheving, dialogforum osv. Andre tiltak er meir spesifikke på konkrete område i Vinje kommune. Dei som gjeld særskilt for Vinje er:

Tiltak 46: Sonering av ferdsel i kalvingsområder i Vinje gjennom kommuneplanens arealdel

Tiltak 47: Unngå nye stiar og utvikling av friluftsliv i områda mellom Kvenna og Songa

Tiltak 48: Vurdere å utvide periode for stenging av Kråmvikivegen, Bitdalsvegen og Songavegen. Innføre stengeregime for veg til Farastadtippen og Våtippen.

Tiltak 49: Overvåke ferdsel på og bruk av Songamagasinet som innfallsport til fjellet.

Tiltak 51: Endre dagsturisme frå Mogen til «base-turisme» for å redusere ferdsel til Gjuvsjøen og til Stordalsbu.

Tiltaksplanen for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei:

11 tiltakspakker med 75 tiltak

Tematiske tiltakspakker:

- Ein meir heilskapleg og restriktiv arealplanlegging og arealforvaltning
- Redusere negativ påverking på villreinen frå motorferdsel og anna ferdsel
- Redusere risiko for spreiding av sjukdommar og parasittar
- Bestandsforvaltning
- Kunnskapsinnhenting
- Evaluering, oppfølging og revisjon av tiltaksplanar.

Geografiske tiltakspakker:

- Blåsjøområdet
- Sørrområdet Setesdal Ryfylke
- Hovden-området
- Bjørnevatn
- Forbedre funksjonelle trekk mellom villreinområder

Denne tiltaksplanen er bygd opp på same måte som tiltaksplanen for Hardangervidda, med ei rekkje generelle tiltak som gjeld alle, og nokre konkrete som gjeld spesifikt for Vinje. Desse er:

Tiltak 36: Ferdselsregistrering på anleggsveg Førsvatn-Langesæ.

Tiltak 67: Vurdere strengare regulering av anleggsveg til Holmavatn.

Tiltak 74: Oppretthalde framtidige trekk mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei.

Tiltak 75: Vurdere tiltak for å redusere barriereeffekten av E134 når CWD-situasjonen gjer det mogleg.

Vurdering

Vinje kommune støttar intensjonen bak tiltaksplanane og anerkjenner behovet for å betre tilstanden for villreinen i dei nasjonale villreinområda. Kommunen har gjennom fleire år vore

engasjert i arbeidet med regional plan for Hardangervidda og Heiplanen og ser positivt på at det no vert lagt fram konkrete tiltak.

Samtidig vil kommunen uttrykkje skuffelse over at tiltaka i stor grad er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar, kommunar og organisasjonar. Dette svekkar gjennomføringskrafta og kan føre til ulik praksis mellom kommunar og aktørar. Vinje kommune meiner at staten burde ta eit sterkare ansvar for å sikre at nødvendige tiltak vert gjennomført, særleg der det er dokumentert negativ påverknad på villreinens leveområde.

Vinje kommune opplever at Klima- og miljødepartementet i arbeidet med tiltaksplanen har lagt større vekt på interessene til eksterne brukarar av Hardangervidda, som Den Norske Turistforening (DNT) og tilreisande friluftsfolk, enn på dei lokale og tradisjonelle brukarane av fjellområdet. Dette gjeld både i vurderingar av ferdsel, tilrettelegging og bruk av areal. Kommunen meiner at det er avgjerande at dei som bur og har næring i området vert lytta til og får reell innverknad på forvaltninga. Lokal kunnskap og bruk må vektleggjast sterkare, og det må sikrast at tiltaka ikkje svekkar moglegheita for berekraftig bruk og verdiskaping i lokalsamfunna rundt vidda.

Tiltaksplanen framstår som eit grundig og vellaga dokument med gode intensjonar og overordna målsettingar. Likevel meiner Vinje kommune at planen manglar konkrete og forpliktande element som kan sikre reell gjennomføring. Det er ikkje lagt inn tidsfristar for tiltaka. Dette gjer at planen i praksis vert lite handfast, og det er fare for at tiltaka ikkje vert følgt opp i tilstrekkeleg grad, men at det blir endå ein rapport som hamnar i «skrivebordsskuffen» utan resultat. Når gjennomføringa i stor grad er basert på frivillig deltaking, svekkar det både styringskraft og effekt. Kommunen etterlyser ei sterkare statleg forplikting slik at planen kan fungere som eit reelt verktøy for å betre tilstanden i villreinområda.

Vinje kommune har i sitt arbeid med revisjon av kommuneplanens arealdel og arbeid gjennom Ac hoc-utval, lagt inn mange av punkta som blir peika på i framlegg til tiltaksplanar. Kommuneplanens arealdel og rapporten frå Ad hoc-utvalet er på høyring no og kommunen erfarer eit stort engasjement kring tiltak som legg restriksjonar på arealbruk og ferdsel som fylgje av villreinomsyn. Slik tiltaksplanen legg opp til no, er villreinen prisgjeve at det finnst lokale politikarar og administrasjon i kommunane som ynskjer å stå i kampen for å innføre tiltak for å betre situasjonen for villreinen. Dette er eit tema som engasjerer og i Vinje ser at ein at brorparten av innspel til kommuneplanens arealdel gjeld villreintema.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune støttar hovudmåla i tiltaksplanane, men uttrykkjer skuffelse over at tiltaka i hovudsak er basert på frivillig deltaking, dette er ikkje tilstrekkeleg for å sikre god gjennomføring. Kommunen ber om at staten er med å tar ansvar for villreinen og vurderer sterkare styring og forpliktingar i tiltaksplanarbeidet, med klare fristar for gjennomføring.

Høyringsuttalen vert sendt Klima- og miljødepartementet innan fristen 31. oktober 2025.